

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 09.12.2013
Sakhandsamar: **Ingvill Skogseth**
Saka gjeld: **Tilbod til gravide og fødande i Hardanger/Odda**

Arkivsak
2010/330
Styresak 149/13 B

Styremøte 19.12. 2013

Forslag til vedtak

1. Fødestova i Odda blir omgjort til eit tilbod i tråd med «God start» modellen med tilbod om svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling
2. Det skal vera ein trygg situasjon for kvinner i fødsel med tilgjengeleg jordmorteneste, følgjeteneste og det skal vere høve til å føde i Odda dersom kvinna ikkje rekk fram til planlagt fødestad.
3. Helse Vest RHF legg til grunn at saka blir sluttbehandla i føretaksmøte i Helse Vest RHF.

Oppsummering

Styret i Helse Fonna HF har konkludert med at grunnlaget for eit føreseieleg og robust fødetilbod i Odda ikkje er til stades slik som det er lagt til grunn i føretaksprotokoll av 4. mai 2011. Tilrådingar frå Helsedirektoratet i rettleiaren; *Et trygt fødetilbud - Kvalitetskrav til fødselsomsorgen* ligg til grunn for vurderingane i denne saka.

Etter ein prosess i Helse Fonna HF i 2012, rådde jordmødrene i Odda og spesialist i gynekologi til å ikkje gå over frå ei forsterka fødestove til ei jordmorstyrt fødestove. I staden blei det tilrådd eit tilbod i tråd med «God start» modellen frå Helse Førde som er etablert ved sjukehusa i Nordfjord og Lærdal.

Det er omsynet til kvalitet og pasientsikkerheit som er grunngevinga for endringa. Her er jordmødrene si innstilling til fødestovealternativet sentralt. Ei god og sikker fødestove må ha tilsette som er trygge på modellen.

Omgjering av fødetilbodet i Odda til «God start» modellen, er etter Helse Vest RHF si vurdering det beste alternativet. Modellen legg opp til at det skal vere svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling, men ikkje planlagde fødselar ved eininga. Det skal vere ein trygg situasjon for kvinner i fødsel med tilgjengeleg jordmorteneste for vurdering, følgjeteneste med jordmor og muligheit for å føde i Odda dersom kvinna ikkje rekk fram til planlagt fødestad.

Helse Vest RHF legg til grunn at saka blir sluttbehandla i føretaksmøte i Helse Vest RHF.

Fakta

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF den 28. april 2011 la til grunn at den forsterka fødestova i Odda blir omgjort til ordinær jordmorstyrt fødestove i tråd med *kvalitetskrav til fødselsomsorgen*, og i samsvar med styrevedtak i sak 124/10B, 1. desember 2010. Tilrådinga frå Helsedirektoratet gjeld generelt, og er ikkje retta spesielt mot Odda. Helse Vest ba i brev datert 28.12.2011 Helse Fonna HF starte prosessen med å gjere om til ordinær jordmorstyrt fødestove i Odda.

Etter ein prosess i 2012 rådde jordmødrene i Odda og spesialist i gynekologi til å ikkje gå over til jordmorstyrt fødestove. I staden blei det tilrådd eit tilbod i tråd med «God start» modellen frå Helse Førde som er etablert ved sjukehusa i Nordfjord og Lærdal. Modellen legg opp til at det skal vere svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling, men ikkje planlagde fødselar ved eininga. Det vil vere moglegheit for «nødfødselar» i Odda. Styret i Helse Fonna og Helse Vest som eigar blei informert om tilrådingane.

Helse Vest RHF ba på denne bakgrunn Helse Fonna HF om å gjere ei fullstendig utgreiing av alternativt fødetilbod ved Odda sjukehus etter «God start» modellen i Helse Førde, eventuelt ei modifisert utgåve av denne. Arbeidet skulle gjerast i samarbeid med kommunane i området og med tilsette og brukarar ved sjukehuset. Det skulle takast omsyn til geografiske tilhøve, talet på brukarar, reisetid og til endringane som kom i samband med at Hardangerbrua opna og eventuelle endringar i sjukehusstrukturen.

Helse Fonna HF etablerte eit prosjekt med ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe med brei deltaking frå føretak og kommunar i indre Hardanger, tillitsvalde og verneombod. Det blei gjennomført dialogmøter med fastlegane i Hardanger. Ordføraren i Odda blei informert.

Arbeidsgruppa tilrådde «God start» som ny modell i Odda. Det blei argumentert med at denne modellen vil gje dei gravide og fødande i området trygge og føreseielege forhold gjennom svangerskap, fødsel og barseltid. Det blei også vist til erfaringar frå Lærdal og Nordfjord som viser at kvinnene er nøgde med dette tilbodet og kjenner seg trygge og godt ivaretatt.

Styret i Helse Fonna behandla den 24. juni 2013 i sak 53/13 A: *Fødetilbodet ved Odda sjukehus*. Styret gjorde følgjande vedtak:

- 1. Styret tar tilrådingane frå prosjektgruppa om fødetilbodet ved Odda sjukehus til etterretning*
- 2. Styret ber administrerande direktør tilrå arbeidsgruppas konklusjonar for Helse Vest RHF.*

Kommentarar

Fødselstal 2004-2011 i kommunane i Odda sjukehus sitt opptaksområde

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Odda	66	66	65	68	66	66	68	65
Ullensvang	38	30	29	35	31	28	35	31
Eidfjord	6	9	6	7	10	8	12	9
Jondal	8	16	13	5	10	8	8	7
Totalt	118	121	113	115	117	110	123	112
Fødde ved Odda sjukehus	90	71	77	70	56	72	57	42
Prosentvis fødde ved Odda sjukehus	76 %	59 %	68 %	61 %	48 %	65 %	46 %	38 %

Kjelde: SSB/MFR

Tabellen viser at det har vore eit stabilt fødselstal i opptaksområdet, med få endringar sett over dei siste 9 åra. Fødselstalet ved Odda sjukehus har likevel gått ned over tid, og i 2012 var det 43 kvinner som fødde ved sjukehuset, det vil sei 38 % av det totale fødselstalet i opptaksområdet. Dette er i seg sjølv ikkje ein uakseptabel låg del av totalen når alle som skal føde ved eit høgare omsorgsnivå er selektert bort, men det er ei faktisk halvering av fødslane ved sjukehuset frå 2004 til 2012.

«God start» tilbod i Odda

Jordmødrene ved fødestova i Odda har lenge hatt ansvar for svangerskapskontrollen for gravide i Odda og Ullensvang kommunar, og det vil vere positivt om dette kan fortsetje i eit økonomisk og praktisk samarbeid mellom kommunane. Dei gravide i Eidfjord kommune går til jordmor i Ulvik, og i Jondal er det jordmor frå Kvam kommune som har svangerskapstilbodet. Så godt som alle gravide i Odda kommune har gått til kontroll hos jordmor ved fødestova, i forståing med fastlegar og kommune.

Grunna lang reisetid (her definert som over 1,5 time) til Haugesund sjukehus, har Helse Fonna plikt til å inngå avtale om følgjeteneste og beredskap med dei aktuelle kommunane.

Når det gjeld opphald etter fødselen, er det lite aktuelt at kvinnene i Ullensvang, Eidfjord og Jondal skal reise frå sjukehuset på Voss eller i Haugesund og bli innlagde på ei barselavdeling i Odda før dei blir utskrivne til heimen. Det vil i all hovudsak vere kvinnene i Odda kommune som vert brukarar av eit barseltilbod ved sjukehuset, altså maksimum 60 – 70 brukarar i året.

Konklusjon

Styret i Helse Fonna HF konkluderer med at grunnlaget for eit føreseieleg og robust fødetilbod i Odda ikkje er til stades slik som det er lagt til grunn i føretaksprotokoll av 4. mai 2011. Omgjeringa til «God start» modellen ved Odda sjukehus er grunngjeve med pasienttryggleik og kvalitet.

Helse Fonna ønskjer at det snarast blir etablert eit tilbod for gravide i Odda som inkluderer svangerskapskontrollar, følgjeteneste, og eit barseltilbod ved sjukehuset.

Helse Vest RHF legg til grunn at Helse Fonna har gjennomført gode prosessar med kommunane og dei tilsette. Ein klar føresetnad for etablering av jordmorstyrt fødestove er erfarne og motiverte jordmødrer som ønskjer å drive etter ein slik modell.

Helse Vest finn ikkje at grunnlaget er til stades for ei jordmorstyrt fødestove ved Odda sjukehus. Ei etablering som skjer utan jordmødrene si klare støtte, er vanskeleg å gjennomføre, fagleg sett uheldig, og derfor ikkje tilrådeleg ut frå kravet til høg kvalitet og sikkerheit.

Omgjering av fødetilbodet i Odda til «God start» modellen, er etter Helse Vest RHF si vurdering det beste alternativet. Modellen legg opp til at det skal vere svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling, men ikkje planlagde fødsler ved eininga.

Etablering av «god start» einingar i Lærdal og Nordfjord har fungert svært bra. Erfaringane viser at kvinnene er godt nøgde med dette tilbodet, og kjenner seg trygge og godt ivaretatt.

Helse Vest RHF har tidlegare vore i kontakt med Helse- og omsorgsdepartementet og orientert om saka. Helse- og omsorgsdepartementet blei orientert om at Helse Fonna ville utgreie «God start» modellen ved Odda sjukehus.

Samarbeidet over føretaksgrensene (mot Helse Bergen/Voss sjukehus) vil bli formalisert i eigne samarbeidsavtalar.

Helse Vest RHF legg til grunn at saka blir sluttbehandla i føretaksmøte i Helse Vest RHF.